

Kåre Flesland

Hamre,

5281 Valestrandsfossen.

Til

Osterøy kommune, Plan,

5250 Lonevåg.

Innspel til kommuneplanen vedk. g.nr. 129, b.nr. 9 Solvang.

Viser til kommunen sine heimesider, der det går fram at siste frist for å komma med innspel til kommuneplanen er sett til 27.08.10.

Underteikna har dreve småbruket sidan 1979 (formelt overteke i 1981), først med kjøtproduksjon med ungdyr, og seinere med sau. Dei siste åra utan tilskott, og med redusert drift. Av ymse grunnar er 2010 siste året med dyr på bruket. Generasjonsskifte på bruket med vidare drift er ikke råd å få til.

Frå bruket vart det i 1975/76 skilt ut tre tomtar til underteikna og to søsken som vart bebygd nokså umiddelbart. To nye utskiftingar vart gjort til søsken i 2007 med grunnlag i bestemmelsar i tidlegare skøyte. Desse er førebels ikke utbygde. I tillegg er ein tomt seld i 2005 og seinare bebygd .

Alt i alt er dermed 6 tomtar utskilde frå det opprinnelige bruket.

Då bruket ligg i LNF-område, har i alle høve dei tomtene som er skilde ut dei seinaste åra vore konkret vurderte av formannskapet gjennom synfaring.

Jordbruksarealet er difor etter dagens krav lite eigna til effektiv landbruksdrift.

Då eg i fjor søkte om tilleggsareal for å styrka arealgrunnlaget i samband med sal av Statskog sitt areal, var avslaget frå Osterøy kommune grunna i: "Bruk 129/9...har for små arealressursar til at rådmannen ser det føremålsteneleg å styrka."

Eg ferdigstilte ny veg til bruket i 2008.

Ut frå ovanstående bed eg om at klassifiseringa som LNF-område for g.nr 129, b.nr 9 på Hamre vert vurdert på nytt i samband med arbeidet med kommuneplanen, og får ei anna klassifisering.

Hamre 20.08.2010.

Med helsing

Kåre Flesland

Vedlegg: kart